

MANDAT FOR FAGRÅD PLEIE OG OMSORG(PLO) I REGION NORDHORDLAND.

Samansetting:

- Fagrådet skal vere samansett av representantar frå leiinga i pleie- og omsorgstenesta i Radøy, Austrheim, Meland, Fedje, Masfjorden, Lindås, Modalen og Osterøy. (Gulen må avklara om dei skal delta)
- Når medlem i gruppa har fråvær kan stedfortredar stille.
- Fagråd PLO konstituerer seg sjølv, med leiar og nestleiar.

Formål:

Fagråd for pleie - og omsorg skal vera eit nettverk for leiarar innan pleie- og omsorgstenesta og eit sjukepleiefagleg, rådgjevande organ for i kommunane i Region Nordhordland.

Fagrådet skal arbeide med følgjande saker:

- Samarbeid og utvikling av kompetanse.
- Når kommunalsjefgruppa ber om det vere høyringsorgan i saker som omhandlar pleie og omsorgssektoren.
- Delta i felles utviklingsprosjekt mellom kommunane og med helseføretaket.
- Fremja interkommunal samhandling.

Fullmakter og plikter

- Følgjer ansvar og mynde utarbeida for leiar innan pleie- og omsorgstenesta eller tilsvarande i si kommune i høve gjennomføring av tiltak i eigen kommune.
- Fagrådet har ein rådgjevande funksjon ovanfor Kommunalsjefgruppa.
- Fagrådet kan gje råd både på eige initiativ og på anmodning om uttale i saker som vedgår pleie- og omsorgstenesta i kommunane.

Møteverksemd

- Leiar for gruppa har ansvar for agenda og kallar inn dei ressursar som er naudsynt for å belyse eller avklare aktuelle saker i møtet.
- Alle medlemmer i gruppa kan melde inn saker eller tema for møte.

Rapportering

- Kvart medlem i Fagrådet rapporterer til kommunalsjef/rådmann i sin eigen kommune.
- Leiar for Fagråd PLO melder saker til Kommunalsjefgruppa for helse og omsorg.